

17. mai i Uskedalen - dagen for dei gode talane.

17.05.2018



' Eg er 15 år og eg er takksam for fridomen og samfunnet eg bur i', sa Viljar Simonnes Tveit i minnetalen sin på Stemneplassen i dag.

**Mykje folk, fint ver, innhaldsrikt program, glade born, god regi og gjennomføring - kva meir kan vi ynskja oss. Nasjonaldagen måtte bli vellukka. Den raude tråden i talane og helsingane er takksemd og at vi kan feira grunnlova og fridomen i eit raust samfunn med vilje til integrering og inkludering.**

Minnetalen på Stemneplassen var ved Viljar Simonnes Tveit, 15 år og elev i 10. klasse på Rosendal ungdomsskule. Han understreka i talen sin at han med sin alder ikkje hadde kjennskap til krig og ufred anna enn i media, men han var takksam for å ha flyktingar som vener på fotballaget og i samfunnet elles. Det er menneske på flukt kvar dag. Dei treng hjelp og vi kan syna vår takksemd ved å bli kjend med dei. Det er ikkje noko offer, men ei gåve som fører til eit rikare og rausare samfunn.

Minnetalen til Viljar Simonnes Tveit var gjennomtenkt og godt framført. Mange sat att med sterke kjensler ved å høyra ein 15 åring sei at han er takksam for det landet han bur i og den venskapen han har med vener frå andre andre.



Signe Schineller var kort og konsis i si framføring av ein tale til ettertanke og refleksjon. Elena Jensen Eide takkar for talen med blomehelsing.

På same nivå og med same grundighet fekk vi høyra Signe Schineller si framføring i talen for dagen. Etter ei kort historisk innleiing om Grunnlova i eit moderne samfunn, bad ho oss vera med og feira Noreg som land, landet der vi kan velja og velja bort. Vi kan oppleva og vi kan vera glade. Vi har alle muligheter i eit fritt samfunn.

Mange er fødte i Noreg. Nokre er fødte i andre land, men har flytta hit. Vi er ulike, men likevel like. Vi må sjå kvarande, reseptera kvarande i vår ulikskap, vera rause og finna det beste i våre relasjonar. Då må ein gje av seg sjølv. Signe avslutta talen sin med ei enkel oppmoding. Gå innom på veg heim til ein du veit sit åleine og er einsam. Ring på ei dør. Ta kontakt og få nye bekjentskapar.

Dette er innlegg 1 frå ein prikkfri 17. mai i Uskedalen. Meir kjem. Fylg med, fylg med.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



5. klasse las diktet Ved Bautasteinen av Olaf Agnar Gausvik og la ned minnekrans.